



2018 • Januar • Februar • Mars • April • Mai • Juni • Juli • August •



The illusions of Alexx Alexxander

Utstillinger

Utstningsopning 7. januar
Ronny Østnes
“Pappa”




Foto
Arrangør: Ål kulturhus

Utstningsopning 10. februar
Vegard Breie



Foto
Arrangør: Ål kunstforening

Utstningsopning 17. mars
Gunilla Holm Stoud Platou
“Vingeslag”



Grafikk
Arrangør: Ål kulturhus

Utstningsopning 5. mai
Birgit Hagen



Tekstil
Arrangør: Ål kunstforening

Utstningsopning 23. juni
May Lise Hoel



Måleri, litografi, etsing og dga
Arrangør: Ål kulturhus

Galleri Syningen



PRØV EIN HEILAFTEN

Ål kulturhus samarbeider med Thon Hotel Hallingdal og Hallingdal Feriepark om middagsservering før arrangement.
For våren 2018 gjeld det desse forestillingane:

10. februar: Det er her vi kommer fra

14. februar: Trollmannen fra Oz

2. mars: Alexx Alexander

8. mars: Bukkene Bruse på Badeland

13. mars: Darling West

24. mars: Ingebjørg Bratland

13. april: Prisen

19. april: Anita Skorgan

28. april: Mellom barken og feen (Adam Schjølberg)

Sjå pris, klokkeslett, stad og meny på dei aktuelle arrangementa

KJØP BILLETTAR PÅ

www.aal.kulturhus.no

www.hallingbillett.no

Billettkjøp i skranken på Ål kulturhus

kostar kr. 10,- ekstra pr. billett

**NB! Prisane som står i dette programmet er prisar
ved kjøp av billettar på nett**



Kjære publikum

Det yrar som aldri før på Ål kulturhus.

Huset er ein populær plass for artistar som

ynskjer ein profesjonell samarbeidspartner.

Dette er mykje takka vere at Ål kommune er ein av dei aller sterkeste kulturkommunane i Noreg. Me jobbar for å levere kvalitet i alle ledd.

Våren 2018 set me spaden i jorda og gjer kulturhuset endå betre rusta for framtida.

I tillegg til produksjons- og visningsscena Landsdelsscene for dans, kan me snart ta deg imot til moderne bibliotek, nytt Nesch-museum, koseleg foajeområde og med Ål vaksenopplæring og Ål Frivilligsentral godt plassert i hyggelege lokale.

Me held fram drifta på same vis som før, og kan også denne sesongen skilte med små og store opplevingar for alle aldrar.

Verdt å merke seg er at Ål kulturskule feirar 40 år, medan Nesch-museet har 25-års jubileum. Utover dette har me eit mangfaldig kulturtildelning innan konserter og teater, dans, foredrag, stand up og kino.

Me sjåast!

Anita B. Skoglund

Info

Ål kulturhus
Myren 40, 3570 Ål
Telefon: 32 08 51 00
aal.kulturhus@hallingnett.no
www.aal.kulturhus.no

Biblioteka i Hallingdal inviterer til:

Litteratur

På mørke vinterkveldar, kva er vel betre enn å sitje i godstolen med noko varmt i koppen og ei god bok?

Biblioteka i Hallingdal inviterer på nytt til Vinterles, ein lesekampanje for vaksne. Temaet i år er «reise», i ordets aller vidaste forstand: geografiske reiser eller mentale reiser, klassereise eller tidsreise.

I januar inviterer me til inspirasjonskveldar rundt om i biblioteka i dalen. Der vil dei tilsette presentere bøker knytt til reise som dei meiner det er vel verdt å lese.



Ål bibliotek

Onsdag 17. januar kl. 1900

Gratis inngang

For å delta i sjølve kampanjen må du lese minst tre bøker av fritt val i perioden 10. januar til 15. april.


Leverer du ein svarslipp på biblioteket, blir du med i trekninga av kinobillettar og eit flott saueskinn av gammalnorsk spælsau.

ÅI kyrkjeakademi presenterer:

Folkekyrkje – ei kyrkje for folket

Foredrag v/Sevat Lappgard

• Foredrag



Grunnlova sine bestemmelsar om religion vart nyformulert i 2012. I 1814 grunnlova heitte det «Den evangelisk-lutherske Religion forbliver Statens offentlige Religion». No heiter det: «Den norske Kirke, en evangelisk-luthersk kirke, forbliver Norges Folkekirke».

Kva er ei folkekyrkje? Kva meiner vi når vi gjennom nasjonalforsamlinga vår einstemt seier at vi vil ha ei folkekyrkje? Korleis kan kyrkja i Ål og i Hallingdal vera ei folkekyrkje?

Sevat Lappgard (f.1948) har vore prost i Elverum frå 1992. Han underviste nye prestar og forska på folkekyrkje ved Universitetet i Oslo i perioden 1981-92. I Elverum har han utvikla arbeidsmodellar for folkekyrkja og vore sentral i Hamar bispedømme i utvikling av nye liturgiar for gravferd, dåp, konfirmasjon og for gudstenesta med formål «Ei kyrkje for folket».

Nesch-museet
Fredag 2. februar kl. 1915
Billettar kr. 150,-/120,-

Mønstring



Lokalmønstring

På UKM (Ung Kultur Møtes) i Ål kulturhus får dei unge, lovande utøvarane våre vise fram alle sine kunstar.

På scena finn du barn og ungdom mellom 10 og 20 år, og i foajeområdet blir det synt fram kunst i alle variantar. På UKM kan nemleg ungdom delta med ALT!

Ballet, rock, joik, kulokk, laus, teater, lyrikk, rap, foto, måleri, teikning, breakdance, film, fele, trommer, sirkus, saum, treskjæring, keramikk, broderi, sjonglering, buktaling, installasjon, stand up, gitar, piano, fløyte, folkedans, trumpet,og alt anna.

Utøvarar frå 13 år kan vere heldige å bli plukka ut til å delta på UKM Fylkesmønstring som i år blir arrangert på Kongsberg.

Bli med å støtt dei flinke, unge talenta våre
- velkommen til ei forrykande forestilling!!

Storesalen

Sundag 4. februar kl. 1600

Billettar kr. 150,-/65,-



GRÅTENDE HENDER



OM DØVE I HITLERS TYSKLAND

Kva skjedde med døve i Hitler sitt Tyskland? Kva skjedde med døve og funksjonshemma, både i tida før og under den 2. verdskriga? Kva slag redsler og ufattelag vondskap vart menneske utsette for?

Tragiske lagnader frå andre verdskriga blir blottlagt i Teater Manu si utradisjonelle teaterforestilling.

Temaet er omfattande og ukjent for dei fleste. Teater Manu har gjennom åra opparbeidd seg eit omfattande arkiv av dokumentarisk materiale, og har gjennomført intervju med overlevande frå Holocaust. Teatret har også henta inspirasjon frå Holocaustmuseet i Jerusalem, Oslo og Berlin.

Denne historia er viktig for forståinga av ideen om «det reine og perfekte lytefrie menneske» - som var ein del av ideologien til nazismen. Korleis starta det? Det er mange spørsmål. Svara er ikkje enkle.

Det viktigaste er at me prøver å forstå - og at me spør oss: Kan det skje igjen?

Forestillinga er å rekne som eit doku-drama, der projeksjonar og ein forteljar suppler skodespelarane med faktaopplysninga. Skuespelarane ber fram historier på vegne av mange enkeltlagnader, alt fletta saman til ei forteljing.

Manus og regi er ved Bentein Baardson, og på scena møter me Ronny Patrick Jacobsen, Ipek D. Mehlm og Eitan Zuckermann. Stemmeskodespelar: Kjersti Fjeldstad.

Scenograf og
kostymedesign:

Ingeborg Kvamme
Lysdesign:

Torkel Skjærven

Lyddesign: Erik Hedin

Konsulent for språk- og

manusbearbeidning:

Sølvi R. Zuckermann

Videodesign/ Animasjon:

Simon M. Valentine

Kostymeproduksjon:

Ingvill Fjeldstad

Storesalen

Torsdag 8. februar kl. 1900

Billettar kr. 375,-/325,-/275,-

**DET ER HER
VI KOMMER
FRA**

Basert på
Levi Henriksens noveller

brageteatret

Regissør: Kim Sørensen

Dramatikar:

Thomas Marco Blatt

Idé: Kim Sørensen

Scenograff/kostymedesignar:

Gjermund Andresen

Lysdesignar: Martin Myrvold

Komponist: Johannes Winther Farstad

Forestillinga varar i

1 time og 20 minutt (ingen pause).

Forestillinga er produsert av

Brageteatret AS - Regionteater for Buskerud.

Storesalen

Laurdag 10. februar kl. 1800

Billett kr. 325,-/275,-

På forestillingsdagen: 400,-/275,-

Sangen om livet ditt, kva skulle den ha handla om?

Ein trubadur vandrar omkring i bygda han kjem i frå. Han møter eit eldre ektepar som gøymer seg for lensmannen. Han møter ei kvinne som blir lokka inn i pinsemenigheten. Han møter nokre systre som innleiar eit forhold til same mann. Men eigentleg er trubaduren på veg til bror sin. Eigentleg vil han berre vere saman med ei ung kvinne han aldri har gløymt. Eigentleg er det ein sang han prøver å spele; eit liv han prøver å stable på beina.

Det er her vi kommer fra samlar forteljingar frå lokalsamfunnet, med eit attkjennande, leikent og kjenslevart uttrykk. Det er eit stykke om heimkomst og oppbrot, om musikken i liva våre og dei små stadene i oss alle.

Med 6 skodespelarar og ein musikar på scena ynskjer Brageteatret velkommen til ei teateroppsetting der gode historier, akkompagnert av nyskriven musikk er i fokus. *Det er her vi kommer fra* er basert på eit knippe av Levi Henriksen sine kritikarrosa noveller, henta frå *Feber*, *Ned ned ned* og *Alt det som lå meg på hjertet*. Forestillinga er dramatisert av Thomas Marco Blatt etter ein idé av Kim Sørensen.

Med:

Johannes Winther Farstad, Reidar Sørensen, Kristian Winther, Dagrun Anholt, Ulla Marie Broch, Maria Pontén og Joseph Angyal.

HEILAFTEL!

Thon Hotel Hallingdal

Kl. 16.00

- Ovnsbakt torskeloin med urtesaus, duchessepotetar og grønsaker julienne
 - Ostekake med fruktcouli
- Billett inkl middag
kr. 570,-/520,-**



Trollmannen frå Oz

Foto: Mats Bäcker

HEILAFTEN!

Hallingdal Feriepark
serverer middag
i Ål kulturhus frå kl. 16.00

- Trollsuppe, magiske vaflar og anna tryllegodt

Bli med til den andre sida -
Somewhere Over the Rainbow.

Me har alle høyrt om Dorothy - den vesle jenta som blir virvla opp av ein tornado og feia av garde til trolldomslandet på den andre sida av regnbogen. Underveis til Smaragdbyen og Trollmannen møter ho tre underlege fyrar – Blikkmannen, som så inderleg ynskjer seg eit hjarte, Fugleskremsellet, som så gjerne vil ha ein hjerne å tenke med, og den livredde Løva, som håpar han ein dag skal bli modig, han òg. Men først når dei har fått has på Den vonde heksa finn dei det dei eigentleg leitar etter - trua på seg sjølve, og trua på andre. Og då finn Dorothy også vegen heim!

Det er gått mange år sidan sist Riksteatret sette opp ein skikkeleg musikal. No skal dei endelig gjøre det att. Og då har dei like godt valt ein av dei verkeleg store klassikarane: *Trollmannen frå Oz*.

Som Dorothy får du møte den nye stjerna Mari Lerberg Fossum. Ho har tidlegare gjort suksess både som Sophie i *Mamma Mia* og Belle i *Skjønnheten og udyret*. Regien er ved multitalentet Alan Lucien Øyen, som gjennom dei seinaste åra har vunne seg eit stadig større namn, også langt utanfor landets grenser. I han har norsk teater fått seg ein ny trollmann, og han lovar oss ei fargerik, frodig og livsglad forestilling, for eit eventyrlystent publikum i alle aldrar.

Storesalen

Onsdag 14. februar kl. 1800

Billett kr. 260,-/215,-/210,-

● Teater


Ål bibliotek presenterer:

Øyvind Wistrøm

Syria, Irak, Afghanistan og heile Midt-Austen: Kvífor alle desse krisene og krigane?

Øyvind Wistrøm vil i foredraget prøve å gi ei oversikt over situasjonen i Midtausten, både politisk og historisk, og over dei ulike aktørene og partane i konfliktane. Fokuset hans er særleg på Syria, Irak og Afghanistan, i tillegg til at han ser på Europa og USA si rolle.

Øyvind Wistrøm er høgskulektor ved Høgskolen i Sørøst-Norge (HSN) og underviser mellom anna i internasjonal politikk. Han kjem til Ål som resultat av eit samarbeid der HSN låner ut foredragshaldarar til utvalde folkebibliotek for å tilby popularisert forsking og kunnskap til folk flest.



Foredrag



Ål bibliotek

Torsdag 15. februar kl. 1930

Gratis inngang

Fremmed Fugl, Storm og Kaffe

Ål kulturskule 40 år

Ål kulturskule fyller 40-år og me vil feire oss sjølv med ei stor framsyning i samarbeid med kompaniet Studio O.


Fremmed Fugl, Storm & Kaffe er den forunderlege fabelen om Mie og kompanjongane hennar, Rasmus Sverttrost og Robin Rødstrupe.

Framsyninga tek i bruk musikksceniske verkemiddel for å skape ettertanke rundt ei stor utfordring - korleis vi møter individ frå andre kulturar enn vår eigen.

Denne musikkfabelen vil fange born i ei eventyrleg verd full av framande lydar, ukjente klangar og forteljingar frå fjerne himmelstrøk og ei anna tid. Lukta av kaffi og nykverna kaffibønner fyller rommet, og sansane vert fylte av kjente lukter som ein gong var like framand som ein rar liten fugl som vert blåst til Vestlandet med ekstremværet Nina.

På scena vil ca 150 elevar frå Ål kulturskule syne fram det fyrste samarbeidet med eit profesjonelt kompani.

Forestillinga høver for heile familien.



Medverkande:

Studio O

Anne Goro

Tronsmo Haugland og
Ragnhild Tronsmo Haugland
(Skodespelar/musikar).

Christina Baever

(Skodespelar/sangar),

Heidi Tronsmo (Tekstforfattar),
Glenn Erik Haugland (Komponist).

Gjester på scena:

Seniordans frå Frivilligsentralen

Storesalen

Onsdag 21. februar kl. 1800

Billettar kr. 150,-/80,-

Ål Utvikling AS og Ål kommune inviterer til:

Hyttemøte

Treff

Foto: Ål Utvikling

I vinterferien blir det for tiande gong arrangert treff for hytteålingane i Ål. Det er Ål kommune og Ål Utvikling AS som inviterer til treffet som eit tiltak for å forsterke og utvide den gode kontakten med hyttefolket i bygda. På hyttemøtet blir det dialog og informasjon om ulike tema som vil vere av interesse for hyttefolket. Det blir også kulturinnslag og tid til spørsmål. Meir detaljert program vil bli lagt ut på www.aal.kommune.no / www.aal.no.

Veslesalen

Laurdag 24. februar kl. 1400

Gratis inngang



TIL: DEG
FRÅ: MEG

MED YNSKJE OM
EI GOD
OPPLEVING

Info

Kjøp gavekort på Ål kulturhus

Gje nokon ei god oppleveling!

Det finst to utgåver av gavekort på Ål kulturhus: Det eine kjøper du på [hallingbillett.no](#) og det gjeld for alle forestillingar som blir selt gjennom nettportalen Hallingbillett. Dette kjøper du på nett, skriv ut heime, og kortet kan berre nyttast til kjøp på internett. Den andre utgåva kjøper du i skranken på Ål kulturhus. Du bestemmer sjølv sum, og kortet kan nyttast på kino, kulturrangement, kunst og på alle salsvarer i kiosken. Kortet er gyldig i eitt år frå kjøpsdato.

NB! Dette kortet kan du berre bruke i skranken på Ål kulturhus - ikkje på internett.

Magi ●

The illusions of Alexx Alexxander

HEILAFTEN!

Thon Hotel Hallingdal
Kl. 17.00

- Lammefilet med fennikelsaus, og pommes boulangere
- Mangosorbet med frukter og pasjonsfruktcouli

Billett inkl middag kr. 740,-/640,-



Bli forført av magi med illusionisten Alexx Alexxander!

Opplev ein kveld i magiens teikn og la Alexx Alexxander syne deg kvifor han er utnemnt til ein av verdas fremste illusionistar. Du vil garantert bli forbløffa og forført av latter, forundring og magisk fingerferdigheit.

Alexx Alexxander inviterer deg til ein heilafoten fylt med humor, mystikk og spektakulære illusjonar. Grensa mellom illusion og verkelegheit vil opphøyre. La deg fascinere av Alexx sine uforklarlege shownummer.

Ved hjelp av store skjermar vil publikum følge illusionane i minste detalj, uansett kvar i salen dei sit.

Denne storsatsinga av ei forestilling vil garantert ta pusten frå deg og du vil få ta del i oppsiktsvekkjande illusionssummer du ikkje har sett maken til. I ei årrekke har Alexx Alexxander fascinert eit begeistret

publikum i heile Skandinavia med utrulege stunt og magiske illusionar i verdsklasse.

Alexx Alexxander sitt magiske univers er ei oppleving for livet!

Storesalen


Fredag 2. mars kl. 1900

Billettar kr. 495,-/395,-

Seminar om Jens Bjørneboe i Leveld på 50-talet



Eirik Ingebrigtsen er skjønnlitterær forfattar og har hatt arbeidsopphald ved Leveld Kunstnartun. Han har fått Sult-prisen for forfattarskapen sin og i 2015 fekk han Nynorsk litteraturpris.



● Seminar

Tore Rem er ein av landets fremste sakprosaforfattarar og har skrivi biografi i to bind om Jens Bjørneboe.

Leveld Kunstnartun inviterer til seminar om Jens Bjørneboe med fokus på 50-talet. Tore Rem vil stå for den raude tråden, og det blir fokus på tida Bjørneboe budde i Leveld. På dagtid blir det foredrag og seminar på Leveld Kunstnartun og på kvelden blir det konsert i Ål kulturhus.
Me får også møte mellom andre forfattar Eirik Ingebrigtsen.

Sjå nettsidene til Leveld Kunstnartun for meir informasjon.

LEVLED
KUNSTNARTUN

Leveld Kunstnartun / Ål kulturhus
Laurdag 3. mars

Victoria Productions presenterer:

Teater

Dei tre Bukkane Bruse skal som vanleg til seters for å gjøre seg feite, men på vegen oppdagar dei eit Badeland. Kva er no dette for noko rart? Kanskje det er noko morosamt og spennande? Dette må dei prøve! Morosamt er det og det blir sanneleg spennande også, for Trolltet har varte lei av å sitje under bruå å vente. Og når det kjem Troll til Badeland, blir det både spennande og vått!

Eventyret om Bukkane Bruse på Badeland har, som seg hør og bør, vore ein eventyrlig suksess i Riksteatret sin dokketeaterversjon. Og no kjem ein splitter ny produksjon av denne moderne klassikaren med skodespelarar i alle roller.

Etter forestillinga kan alle som har lyst få møte Bukkane Bruse.

Forestillinga varar i ca 45 minutt.

Dramatisering: Tine Thomassen
Regi: Bjørn Sæter
Musikk: Marius Podolski
Scenografi: Per Olav Austdahl
Kostymer: Marianne Forsberg
Masker: Ingrid Hvasset

Produsent: Victoria Productions AS

Storesalen


Torsdag 8. mars kl. 1800

Billettar kr. 220,-

Victoria Productions AS presenterer

Bukkene Bruse på Badeland

Bjørn F. Rørvik Grymoursund



HEILAFTEN!

Hallingdal Feriepark serverer middag i Ål kulturhus frå kl. 16.00
• Bukkene bruses barnebuffet

Teater for heile familien!



Ål kyrkjeakademi presenterer:



Hilde Kirkebøen

Fattigdom, rettferd og klima

Me opplever stadig kraftigare regn, sterkare stormar og varmare klima. Sjølv om me her i Norge berre får merke eit svakt ekko av verdas vårerendringar, er klimaendringa noko som råkar alle og krev felles løysingar.

Kven er min neste i klimaperspektivet? Klima, fattigdom og vald mot kvinner heng saman. Korleis kan trua og kyrkjå bidra i kampen mot vald, forureining og urettferd? Kan me la oss styre av ein realitet som er djupare enn pengane sin snevre og fantasilause logikk?

Kva kan motivere oss og kva blir forventa av oss?

Hilde Kirkebøen er diakon i Ål og har tidlegare jobba som diakon i Oslo, m.a med fattige tilreisande i Kirkens Bymisjon. Ho har vore på fleire studieopphald i Afrika og har mellom anna tatt U-landsstudiet Global forståelse.

● Foredrag

NB! Kafé TID
Torsdag 8. mars kl. 1915
Billettar kr. 150,-/120,-

Ål musikkråd inviterer til:

Sangen og musikkens dag

Mönstring



Tidlegare var *Sangen og musikkens dag* ein fast tradisjon i Ål, men no har det vore stille ei tid.

Kvart korps og kor har hatt eigne konsertar og nok med eige program.

For eit års tid sidan drog Ål musikkråd i gang att tradisjonen, og den vil dei gjerne gjenta. Målet er å skape sang og musikk rundt omkring på Sundre denne laurdagen, for så å samle musikarar og songarar til ein huskonsert på Ål kulturhus. Til denne mёнstringa vil utøvarane gjerne ha publikum.

Det blir mange ulike innslag i foajeen denne dagen. Her blir alle kor, korps, folkemusikkutøvarar, kulturskuleelevar og elles andre som driv musikalsk utøving invitert til å kome med eit innslag eller to. Det blir framføringar både i foajeen og i Storesalen på kulturhuset.


Møt opp og få med deg mykje god sang og musikk denne laurdagen!

Foajéen/Storesalen

Laurdag 10. mars kl. 1300

Gratis inngang

Ål bibliotek inviterer til:



● Konsert

Dyriske strofer Barnekonsert

Tenk at alle bøkene ein gong har vore eit tre. I trea har det budd maur, mus, ekorn - og kanskje ein bokfink? Hege slår opp teltet sitt i biblioteket. På turen har ho med fele, ukulele og mange songar om dyra me kan møte i skogen. Kan du ein song om eit dyr?

Hege Rimestad har vore ei av landets mest profilerte felespelarar sidan ho var med i Amtmandens Døtre og Veslefrikk på 70-talet. Ho har også spelt med Mari Boine og gitt ut soloplater.

Mange kjenner henne som Raudnissejenta i *Jul i Blåfjell*.

Velkommen til konsert med Hege Rimestad på Sangen og musikken sin dag!

Høver frå 4 år og oppover.
Konserten varar i 35 minutt.

Ål bibliotek
Laurdag 10. mars kl. 1400
Gratis inngang



Darling West

Konsert

HEILAFTEN!

Hallingdal Feriepark
Kl. 17.00

- Salviebakt smørkylling med fløytegratinerte potetar, sopp og lauk, gulrotpuré og beurre blanch.
- Eplerterte med heimelaga vaniljeis smaksatt med nøttesmør

Billett inkl middag kr. 570,-

Storesalen

Tysdag 13. mars kl. 1900
Billettar kr. 325,-

Foto: Audun Selnes

I starten var Darling West berre ein låt. Ei tekst og ein melodi laga av ekteparet Tor Egil og Mari Kreken, men som seinare også vart namnet på gruppa dei starta saman med Kjetil Steensnæs. I dag har Darling West utvikla seg til å bli eit av dei leiande country- og americanabanda i Noreg. I 2016 vann dei Spellemann for albumet *Vinyl and a Heartache*. I 2017 har Darling West vore på kryss og tvers av landets konsertscener, og i august opna dei sjølvaste Øyafestivalen på hovudscena i Tøyenparken.

Dei har varma opp for Lucinda Williams i Finland og spelt med den amerikanske countryartisten Sam Outlaw i Sverige. USA har tatt bandet godt i mot, og med 10 konsertar på SXSW i Texas, showcases i New York og Nashville må det kunne kallast ein Amerika-suksess. I september vart dei igjen invitert til Nashville og verdas største americana-festival, AmericanaFest, der dei spelte tre utselde konsertar. På tampen av året skal Darling West turnere i Nederland og Belgia.

Darling West sitt nye album *While I Was Asleep* kjem ut i februar 2018. I det høvet legg dei ut på ny turné i Noreg. Gled deg til ein vakker konsert med både nye og gamle låtar.

Biblioteka i Hallingdal presenterer:

Erika Fatland

- ei reise langs den russiske grensa

Forfattaren bak suksessen *Sovjetistan* er tilbake med ei ny, medrivande og opplysende bok, denne gongen om alle landa som grensar til det enorme russiske riket. Grensen gir eit eineståande innblikk i land, kulturar og regime med éin ting til felles: nærleiken til det ofte ubereknelege og nokon gonger trugande nabolandet Russland. Dette er ei sterk reiseskildring av ein av våre beste sakprosaforfattarar.

Vinterles, Hallingdalsbiblioteka sin eigen leseaksjon for vaksne, har i år «reise» som tema. Kva er vel då meir naturleg enn å be Erika Fatland om å dele erfaringar frå reisa si med lesarane våre?

Erika Fatland besøkjer også dei andre biblioteka i dalen:

Måndag 12. mars kl. 1900:

Hemsedal bibliotek.

Tysdag 13. mars kl. 1800:

Gol bibliotek

Tysdag 13. mars kl. 2000:

Nes folkebibliotek

Onsdag 14. mars kl. 1800:

Geilo bibliotek



Litteratur

Foto: Tine Poppe

Ål bibliotek
Onsdag 14. mars kl. 2000
Gratis inngang

Konsert

Ingebjørg Bratland m/band

Det er stort spenn i Ingebjørg Bratland sin musikk frå debutalbumet *Heimafrå* med Odd Nordstoga til den nye *Hjarteskjell*, som er hennar fjerde. Med rot i folkemusikken, har Ingebjørg fram til i dag bevega seg over eit breitt musikalsk spekter - viser, pop, jazz og elektronisk. Dette spennet har ho alltid kjent som både riktig og viktig, samtidig som lojaliteten til heimstaden og dialektene er like sterke. Den raude tråden er uansett den unike og særprega stemma hennar og ei fantastisk formidlingsevne.

HEILAFTEN!
Thon Hotel Hallingdal
Kl. 17.00

- Klassisk biff med bearnesaus, pommes rissole og grønsaksfrikasse
- Huset heimelaga karamellpudding

Billett inkl middag kr. 645,-

Storesalen
Laurdag 24. mars kl. 1900
Billettar kr. 400,-



Å eldast med begeistring

Foredrag v/Erling Nydal
og Eva Marie Halvorsen

Eit hovudpoeng i foredraget er å sjå nærmere på våre mentale innstillingar til det å bli eldre og korleis vi kan påverka desse i positiv lei. Dei to hentar stoff frå litteratur, filosofi, fysiologi og psykologi for å sjå nærmere på dette. Dei to tek også opp spørsmål som «Kva med meir humor og godt humør i kvardagen?» og spør vidare om kva som har vekt humøret vårt tidlegare i livet. Gjennom foredraget vil dei fortløpande illustrera og poengtera innhaldet med «ståoppkomikk».



● Foredrag

Eva Marie Halvorsen er i utgangspunktet sjukepleiar og har embetsstudiet i sjukepleievitskap frå Universitetet i Bergen. Ho kom til Førde i 1985 og har vore leiar for sjukepleiarutdanninga der i 20 år. Ho er no inne i avsluttande arbeidsoppgåver på høgskulen før pensjonstilværet ventar om få år.

Erling Nydal er utdanna teolog og er no ungdomsprest i Førde. Tidlegare har han m.a arbeidd som høgskulelektor i rettleiing, etikk og helsefremjing ved sjukepleiarutdanninga i Førde.

Eva Marie Halvorsen og Erling Nydal har ved fleire høve halde foredrag saman der dei har kombinert foredrag med underhaldande «ståoppkomikk». Dei ser på følgjande sitat av Piet Hein som sitt livsmotto: «Den som kun tar spøk for spøk, og alvor kun alvorlig, hun og han har faktisk fattet begge deler like dårlig».

Nesch-museet

Fredag 6. april kl. 1915

Billettar kr. 150,-/120,-

Teater

På scena
Per Frisch,
Kim Haugen,
Helge Jordal
og Iren Reppen.

Regissør:
Kjetil Bang-Hansen
Scenograf:
John-Kristian Alsaker
Produsent:
Anita Basmo Bjørnstad
Produsert av Riksteatret

HEILAFSEN!

Thon Hotel Hallingdal
Kl. 17.00

- Stor og variert middagsbuffet, med kalde og varme rettar, inkl. fleire typer dessert og kaffe/te

Billett inkl middag
kr. 670,-/590,-/570,-

Storesalen

Fredag 13. april kl. 1900

Billettar kr. 425,-/345,-/325,-



Foto: Jo Michael

Prisen

Får me det livet me fortener?

Arthur Miller er ein av dei mest akta og populære dramatikarane i USA. Miller står dessutan tydeleg i tradisjonen etter Ibsen, og har difor ein særleg appell til oss her i landet. I Riksteatret si oppsetjing møter du Kim Haugen, Helge Jordal, Iren Reppen og Per Frisch. *Prisen* vart nyleg sett opp på Broadway med Danny DeVito i ei av rollene og Obama på besøk.

To vaksne brør møtast for å fordele det som står att på loftet etter den avdøde far deira. Dei har ikkje sett kvarandre på mange år - den eine valde plikta, den andre karrieren. Yngstebroren har med kona, som håpar denne arven kanskje betyr byrjinga på noko nytt. Og så har dei fått tak i ein gamal brukthandlar for å få arvegodset verdsett. Men denne brukthandlaren har levd eit langt og omskifteleg liv. Han veit at det sjeldan er samsvar mellom prisen du betalar og verdien av det du får.

Prisen er eit intenst kammerspel for fire menneske som kvar på sitt vis har prøvd å vere tru både mot eigne mogleigheter og mot krava frå omgivnadane. Men: har dei betalt ein for høg pris for livsvala dei har tatt?

Det er spennande, det er opprivande – og det er underhaldande!


Med denne oppsetjinga skal Riksteatret by på teater med ei viktig, engasjerande og utfordrande tekst, levandegjort av fire store skodespelarpersonlegheiter, signert regissør Kjetil Bang-Hansen. Det er når prosjekt som dette kjem på besøk til heile landet, at Riksteatret både blir unikt og nødvendig. Forestillinga varar i 2 timer 20 minutt (inkl. pause).

Ål bibliotek presenterer:

Øystein Morten

Norske øydegardar

● Foredrag



Ein gong var det liv i alle låvane, alle fjøsa, og det var lys i vindauge på gardane. No er delar av denne kulturen i ferd med å bli borte. Restane etter det daglege slitet rotnar på rot. Sidan 1970 er over 115 000 gardsbruk i Noreg lagt ned, og mange er berre forlatne.

Øystein Morten prøver å forstå norgeshistoria gjennom å sjå kva som har skjedd med ni ulike gardar som no er i ferd med å forsvinne. Med seg har han hatt ein av Noregs beste fotografer, Pål Hermansen, som har teke fantastiske bilete. Resultatet er boka *Norske øydegårder - historien om stedene vi forlot*. Høyre Øystein Morten fortelje historia sjølv på Ål bibliotek.

Ål bibliotek
Onsdag 18. april kl. 1900
Gratis inngang

Konsert



Anita Skorgan

Veien hit

- en fortelling om menneskene
og musikken som har formet meg

Endeleg er Anita Skorgan klar med ein konsert og forteljinga om musikken og menneska som har forma henne til å bli den artisten ho er.

Ei konsertforestilling der publikum blir betre kjent med Anita Skorgan og hennar over 50 år lange karriere som musikar og artist. Ho har medvirkta på uttallige konsertar, TV-program, CD-innspelingar og ho har spelt med «dei fleste». Her blir det forteljingar og musikk som hennar eigen ynskjekonsert!

Med seg har Anita Skorgan to eminente musikarar; Hallgrim Bratberg på gitarar og Hermund Nygård på diverse instrument.

HEILAFTEN!

Hallingdal Feriepark
Kl. 17.00

- Heilstekt svinefilet, potetpuré, grønnsakssoufflé, friterte betar og peppersaus
- Cremé brulée med friske bær

Billett inkl middag kr. 620,-

Storesalen

Torsdag 19. april kl. 1900

Billettar kr. 375,-

Mellom barken og feen

Av og med
Adam Schjølberg


Heterofile menn skal vere meir som homsane. Dei skal kunne snakke om kjensler og vokse pungen, medan homsane skal vere slik som dei heterofile mennene berre med blogg og man-bun.

For om du er homo og homsete i dag kjem homsepolitiet springande og seier at du er for stereotyp og ikkje normalisert nok.

I det rettar vart plikter, måtte den skrullete homoen ta med seg fjørboaen og forsvinne inn i skapet att sidan han i homsemiljøet er like populær som heimeverande husmødre er på eit landsmøte i Kvinnegruppa Ottar.

På utsida er Adam meir maskulin enn Lars Monsen og Lothepus, men på innsida meir feminin enn Vendela og Petter til saman.

Difor befinn Adam seg Mellom Barken Og Feen.



HEILAFTEN!

Hallingdal Feriepark

Kl. 17.00

- Sharingfood! Eit spennande utval frå kokken Spekemat og ost frå heile verda, kanapår, baconsurra dadlar, devils eggs, og andre kulinariske spesialitetar
- Baileymousse med crunch

Billett inkl middag kr. 570,-

Storesalen
Laurdag 28. april kl. 1900
Billettar kr. 325,-

Norges Døveforbund 100 år:

Jubileum

Hundre år og like døv

Forestillinga *Hundre år og like døv* er produsert av Teater Manu i samband med Norges Døveforbund (NDF) sitt 100 års jubileum. Forestillinga fortel på ein underhaldande og informativ måte viktige hendingar i NDF si hundreårige historie.

Det er seks skodespelarar på scena og alle brukar teiknspråk. Ein stemmeskodespelar på sidescena les teksten slik at høyrande får fullt utbytte av forestillinga.



Meir detaljert info kjem på heimesidene våre
så snart det er klart.
Sjå www.aal.kulturhus.no



Storesalen


Onsdag 2. mai kl. 1900

Billettar kr. 325,-/275,-/220,-

Nesch-museet 25 år



● Nesch



Nesch-museet i Ål kulturhus vart opna 5. juni 1993.
Den faste samlinga der omfattar både grafikk, skulpturar,
materialbilete og oljemåleri, og gjev eit representativt og spennande utval
av Rolf Nesch sitt kunstnarlege livsverk frå 1916 til 1972.
Me feirar 25-årsjubileum med eit arrangement i museet der publikum
kan bli betre kjent med Rolf Nesch - verdskunstnaren i Liagardane -
og verka hans.
Det blir omvising i museet, kulturinnslag og enkel servering.

Rolf Nesch

Nesch-museet
Laurdag 2. juni kl. 1300
Billettar kr. 150,-

10-årsjubileum:

Leikskeid 2018

Konsert



Mat og kultur i storstilen natur!

For tiande gong ynskjer vertskap frå Ål kulturhus og lungsdalshytta velkommen til årets vakraste konsertoppleving i Hallingdal. Ta på deg fjellstøvlar og nyt ein times vandretur i lett fjellterreng frå Toviken, eller bestill båtskyss viss du heller ynskjer det. Når du kjem fram kan du kose deg med heimelaga rummegraut eller annan nydeleg stølsmat, og samstundes oppleve fleire timer med konsertar og artistar frå scena. Alt skjer ute i den frie natur, så i tillegg til den storslåtte konsertopplevinga vil også fjellområda som omkransar lungsdalshytta kunne ta pusten frå deg.

Tidlegare har m.a. Mari Boine, Darling West, Daniel Kvammen, Bo Kaspers Orkester, Rita Eriksen,

Frode Alnæs, Ole Edvard Antonsen, Valkyrien Allstars, Henning Kvitnes, Jonas Fjeld,

Kvarts, Stein Torleif Bjella, Bjørn Eidsvåg, Vamp og Kari Bremnes spelte på Leikskeid.

Programslepp og billettar for 2018 vil vera i sal frå ca februar 2018.

Følg med på www.aal.kulturhus.no for oppdatert informasjon.

Bussen går frå nedåta av Ål kulturhus kl. 10:00. Retur frå Toviken kl. 19:00.

NB! Lungsdalshytta

Laurdag 18. august kl. 1300

Billettar kr. 680,-/860,- inkl. buss



Stabbursfieri

LEVELD KUNSTNARTUN
GRENSELAUS KULTURFESTIVAL



Foto: Signe Fuglesteg Luksengard

● Festival

24.-26. august arrangerer Leveld Kunstnartun festivalen Stabbursfieri for andre gong.
For to år sidan var dette ein stor suksess, og me satsar friskt denne sommaren også!

Det blir bokbad, konserter, filmsyningar og kunstutstillingar og alt skjer på Leveld Kunstnartun.
Endeleg program kjem etter kvart.

Leveld Kunstnartun
24.-26. august

Nyheitsbrev frå Ål kulturhus

Hald deg oppdatert

Ynskjer du oppdatert informasjon om vekas filmar og arrangement, høve til å vinne billettar eller vere den fyrste til å få informasjon om nyheiter i programmet? Då kan du abonnere på Ål kulturhus sitt nyheitsbrev.

Info ●

Meld deg på gjennom heimesidene våre:
www.aal.kulturhus.no



The banner features a film strip design with movie posters for "Knerken", "Thor: Ragnarok", "Gjengancere", and "Juleblod". The Ål Kulturhus logo is at the top left, and the tagline "staden for gode opplevelser!" is at the top right. Below the film strip, the text "NYHEITER I PROGRAMMET" is centered. Two promotional images are shown: one of a man on a motorcycle and another of a woman smiling. Below each image is the name of the performer and the date of the event, both labeled "BILLETTAR/LES MEIR". At the bottom, there is a pink box containing the text "KONKURRANSE" and "VINNER BILLETTAR TIL KINO!".

ÅL KULTURHUS
- staden for gode opplevelser!

NYHEITER I PROGRAMMET

ALEXX ALEXANDER
FREDAG 2. MARS KL 19.00
BILLETTAR/LES MEIR

ANITA SKORGAN
TORSdag 19. APRIL KL 19.00
BILLETTAR/LES MEIR

KONKURRANSE
VINNER BILLETTAR TIL KINO!

LEVLED KUNSTNARTUN



Leveld Kunstnartun er ein arbeidsstad der utøvande kunstnarar kan arbeide i kortare eller lengre periodar, og der utøvarar med ulik bakgrunn kan arbeide på tvers av sjangrar. Kvar kunstnar som bur på tunet skal gje noko attende – ein konsert, eit foredrag, ei utstilling, ope hus og så vidare. Så følg med - det blir mange spanande arrangement framover!



Me ynskjer kunstnarane våre for fyrste halvår 2018 varmt velkomne:

- * **Ymist**, norsk skodespelargruppe som skal framføre *Draumkvædet* på Nordvang
- * **Silje Hogstad**, norsk bilettekunstnar som arbeider med tegning og manus med blekk på papir
- * **Inga Margrete Aas** og **Helen Louise Solberg**, norske musikarar på kontrabass og vokal med fokus på klassisk og jazz
- * **Ole Nilssen** og **Bjørn Kåre Odde**, norske folkemusikarar på trekkspel og fele, arbeider med komposisjon og innstudering
- * **Runa Skolseg**, norsk skodespelforfattar som skal som skal gjere ei feministisk tolking av Peer Gynt av ny musikk
- * **Kenneth Varpe**, norsk målar med fokus på kunst i skjeringspunktet mellom det poetiske og det rasjonelle
- * **Franziska Siegrist**, norsk performancekunstnar med interesse for tverrkulturell identitet
- * **Erlend Wichne**, norsk lyrikar som skal jobbe med si fjerde diktsamling
- * **Michiel Blumenthal**, nederlandsk teiknar som jobbar med eit bokprosjekt
- * **Line Solberg Dolmen**, norsk tekstilkunstnar som skal jobbe med tepper i store format
- * **Olga Zhybryk**, kviterussisk designer som illustrerer bøker
- * **Athanasia Karampela**, gresk bilettekunstnar med fokus på broderi med metall på transparent bakgrunn
- * **Tuba Öztekin Köyßen**, tyrkisk fotograf med interesse for kulturell interaksjon
- * **Orsi Horvath**, ungarsk bilettekunstnar som jobbar i store format med tjukk måling
- * **Mmmmmfilms**, tysk kollektiv som skal lage kortfilm om rose måling i Leveld

fryd scene



Sundag 28. januar kl. 19.30 på Sundrehall **Steinar Raknes/Tore Brunborg**

Saksofonist Tore Brunborg og bassist Steinar Raknes har fusjonert sine musikalske verdnar. Dei to virtuose instrumentalistane skapar ein rik og fengslande sound med varme, djubde, energi og musikalsk vitalitet. Lydbildet er nakent, naturleg og transparent - og heilt akustisk. Raknes har spelt på Ål fleire gonger før og denne gongen blir konserten eit nachspel på Sundreball, ein konsert skapt av improvisasjonar i augneblinken.

Torsdag 22. februar kl. 19.30 på Sundrehall **Borgar Storebråten m/band**

Endeleg er debutalbumet klart. Borgar Storebråten har jobba knallhardt med låtskriving, tekstar og studioarbeid i seks-sju år.

Innspelingane er gjort i ein låve på Svenkerud og i roots- og americanahovudstaden Nashville i USA. I sommar fekk han platekontrakt med Apollon Records. *The Road to Revelation* har blitt ei plate med djupe røter i amerikansk folkemusikk. I februar legg bandet ut på lanseringsturne, Norge rundt. Turnéstarten skjer på Fryd Scene, Ål. Borgar Storebråten (song/gitar), Kristoffer Bjerke (trommer), Ruben Oma (bass), Martin Johannessen (tangentar), Sandra Erstad Storebråten (kor), Øyvind Ekse (gitarar). Oppvarming: Singer/songwriter Annelise Danielsen.





Tysdag 6. mars kl. 19.30 i Ål kulturhus **Aslak Brimi kvartett**

Spelmannsmiljøet i Lom har alltid hatt mange som har laga slåttar sjølv, og Aslak Brimi fylgjer opp i denne tradisjonen. Det er rytmiske og suggerande slåttar, inspirert av den råe og kraftige gudbrandsdalske springleiken og hallingen. Det er òg dei vare og nakne melodiane, rolege slåttar der arrangementa er enkle og nære.

Me får nye feleslåttar kledd med barrysaks, bratsj og cittern!

-Tettvevd og intrikat.

Aslak Brimi – fele

Odd Kåre Odde – bratsj og fele

Svein Tore Werstad – saksofon

Espen Wensaas – cittern og gitar

Onsdag 4. april kl. 19.30 på Kafé TID **Arild Andersen & Christian Meaas Svendsen**

Arild og Christian fann tonen på Kongsberg jazzfestival i 2015.

Dei utfyller kvarandre på uvanleg godt vis, og spelar både Bach-sonater, jazzlåtar og folketonar. Dei byd på eit unikt samspel mellom to litt uvanlege instrument. Det er 40 år aldersforskjell mellom dei to musikarane, men kven bryr seg om det? To gigantar frå den norske og internasjonale jazzscenen spelar opp.



Torsdag 26. april kl. 19.30 på Sundrehall **Stumfilm med pianist**

Endeleg går ein stor draum i oppfylling!

Det blir stumfilm med levande pianist på Fryd Scene.

Håvard Gressum Antonsen har det fantastiske og uvanlege yrket å vere stumfilmpianist. Han kjem til Sundrehall, og me skal få vere med på ei tidsreise 100 år attende i tid.

Kva film som blir vist kjem det meir informasjon om, men det blir nok ein stor klassikar!

Fryd Scene
gjev publikum store
musikalske opplevingar
i intime lokale.

Fryd Scene har
etablert seg som
ei kvalitetsbevisst,
sjangerfri, uhøgtidleg
og fordomsfri scene
på Ål.

Det er alltid høye
til å kjøpe kaffi og
heimelaga kake på
konsertane våre.

Billettar kan kjøpast
på førehand på
Ål kulturhus
(aal.kulturhus.no)
eller direkte i
døra 30 minutt før
konsertstart.

Billettpris:
Vaksne 200,-
Barn/ungdom u. 18 år
50,-



ÅL KOMMUNE

I Ål kulturhus skal me skape ein møteplass der alle kjenner seg heime. Til tross for skiljelinjer som alder, etnisitet, kultur, interesser og føresetnader

Frivillig kulturliv/ lag og organisasjoner:

Gratis lån av nye lokaler

Ål kulturskule:

Etter mange år i trønge lokaler får no elevar og tilsette formålstenelege lokaler til dans, band, korps, teater og kor

Landsdelsscene for dans:

Nyskapande produksjonar og framsyningar med dans og musikk som har røter i vår eiga kulturarv; folkemusikken

Ål Vaksenopplæring

Endeleg får skulen godkjente undervisningslokale.

Samstundes får elevane ein sentral møteplass der dei hører til.

Ål Frivilligsentral

Sentralen legg til rette for at menneske skal kunne søke hjelp eller yte hjelp til andre.

Nye Ål ku

- Den kulturelle storstugu for heile Hallingdal ,

Ål turistinformasjon


Ungdomsrom



Info ●

Ål kulturhus

ett kraftsentrum for regionalt kulturliv



Illustrasjon:
Årstiderne arkitekter as

Nesch-museet

Betre tilgjenge til denne unike samlinga av kunst etter Rolf Nesch.

Ål bibliotek

Biblioteket som den tredje heim, der du kan kjøpe deg ein kopp med kaffe og låne aviser. Eit gratis tilbod og ein møteplass for alle.

Ungdom

Ungdommane våre har valgt Ål kulturhus som møteplass. No skal me legge betre til rette for høveleg eigenaktivitet i huset.

Ål turistinfo

Ål turistinfo finn du etter ombygging sentralt plassert i øvre foaje.

«Me valgte Hallingdal grunna vakker natur og sentral plassering mellom aust og vest. Me valgte Ål grunna kulturhuset her»



Kinobursdag



Info

13

14

15

16

Me kan i samarbeid med Sundre Pizza tilby bursdagspakkepris for grupper på 8 personar eller fleire.

Pakkepris 3D-film barn (t.o.m 14 år): 189,-/pers
Pakkepris 3D-film vaksen: 209,-/pers

Pakkepris 2D film barn (t.o.m 14 år): 149,-/pers
Pakkepris 2D-film vaksen: 179,-/pers

Prisen inkluderer 2 pizzastykke og valfri drikke i lokala til Sundre Pizza ein time før kinoframsyning.
Ynskjer ein kake i tillegg kjem det eit påslag på kr. 10,- per person.

For bestilling, ta kontakt på epost aal.kulturhus@hallingnett.no
Føreset ledig kapasitet og ledige billettar ved tidspunkt for bestilling.

Nesch-museet




"Sjefens frue" (1954)

Nesch-museet er verdas største permanente samling av arbeida til den internasjonalt kjende, tysk-fødde kunstnaren Rolf Nesch (1893-1975). Samlinga omfattar både grafikk, skulpturar, måleri og materialbilete.

Museet opna i 1993 og er besøkt av kunstinteresserte fra store delar av Europa.

Rolf Nesch

Hallingrosa



Skåpdør måla av Andres Dekko

Opplev rosemålkunst i verdsklasse, med særleg vekt på hallingrosa. Utstillinga tek utgangspunkt i den kunsthistoriske utviklinga frå slutten av 1700-talet og fram til nyare rosemalinger.

Du finn utstillinga Hallingrosa i nedre foaje på kulturhuset.

Nesch-museet



Kunst

kulturstreif hallingdal

FOLKE MUSIKK VEKA 2018

ÅL I HALLINGDAL
24.-27. MAI



“Folk må eingong um at det
vera galne og slaa seg lause og
smu opp ned paa alle ting,”
A.O. Vinje

Kom for dansen!
Kom for musikken!
Kom for festen!

Torill Sandvolden